

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. §5Vannbæring.

Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Rauland.

Emne: Vannbæring

Bygdelag:

Oppskr. av: Åsm. Gøytil.

Gard: Berge.

(adresse): Rauland.

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

- 1 På Raulands målføre heiter emne: Vassbering.
Namnet på øket var: Vass-såile, øk, Vassstre.

Treet var utorhøla for herdar og hals, vidjelekk eller ein grann kjetting, eller ei grann taugstubb i kvar ende, med små krokhar anten av tre eller jarn til å hengje bytta i, dei bar tvo byttur, ei fo kvar hand. I hus som var berre ein til å bera bruka dei slikt øk - og bar i byttur, helst når det var lang vassveg.

- 2 På større gardar bar dei i Vass-sår). Denne tok ca 4 byttur og vart boren av tvo - på sårstre.

Sårstreet var ein lang, kraftig stav av tre (bjørk eller gran) tilmåta i kvar ende etter herdi til den

Some skulde bera. På midten av treet hekk "kjippen"

i tvo godt feste byglur- den eine bygla i treet og den andre i kjippen. Kjippen var noko lenger enn tverrmålet på såren, denne smette dei inn i holi i øyro på såren. Dei som bar lyfte samstundes i kvar ~~sin ende~~ sin ende av treet opp på herdi, - ein gjekk fyren andre etter med dei bar.

Ein fylte såren med å ause med ei bytte eller ein ask. (Asken var av tre, "lagga" som ei trebytte, men ~~XX~~ den eine "staven" var lenger enn dei andre

stavane, med høl til handtak)

(å lagge = Bøkkerarbeid)



Ask

2
Var brunnen djup måtte dei feste eit lenger skaft på asken eller eit taug i bytta, lengda på desse avpassa etter djupleiken av brunnen.

Kva tid dei slutta med å bera vatn er ikkje godt å seia, heilt slutt er det kje enno, det er mange heimar ^{hev lagt} som ikkje ⁱⁿⁿ sringvatn; men det er nok so at fleir og fleir fær seg spring no for tidi. Trass i at ~~å~~ folk hev innlagt vatn, kan det hende i turre bolkar, at folk må til att på den gamle måten: anten bera eller køyre. For at ikkje vatnet skul-de skvample ned, bruka dei ein kross av et par fjølar somvart lagt uppi såren, eller gjerne litt snø.

For ca. 30-40 år sidan, då det var normale tider, og arbeidshjelp nokk til å drive ein stor gard, hadde folk mange kyr og difor mykje mjølk, då bar dei inn mjølki or fjøset i "trespann" på ein stav. Dei kalla det "spann" endå det var av tre og det likna en sår, men var noko minder, og so hadde det løk med handfange. Ein vidjespenil innsprett i handfangen trødde dei ein staur og bar det inn i stoga-- som ein ber ein vass-så.

3

Å skreie vatn og "tøysur" vart og bruka. Sume brukte berre ei vanleg ski, men sume hadde laga ein liten sjølvbygde mei, den var betre for den var tykkare.

"Tøyse" er agner, høfyrø og høyrusk, bløytt i kokande vatn. Når dei strøydde og blanda det med mjøl, åt dyri det so godt.

4 Dei vaksne i huset skiftet um å bera vatn. ^{Var} det å køyre, ~~skiftet~~ so var det ein av karane i huset.

5 Desse metodar er dels i bruk, dels avlagde, det gjeld ~~bx~~ både husmannsplassar og gardar.

6 Svare på fyrr.

~~7~~ Svare på fyrr.

1502

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Tel
Rauland

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
ADR: NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY


Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Taret hekk på stonga bak ryggen at den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampa over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverige. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det ?

Takk so mykje for
meg.

Aasm. Gjøstøl



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel ? *Nei*

Har ein bruka kumøkk til brensel ? *Nei*

A. G.

Rauland